

INFORMASJON

Brandøy ligg på Haugsgjerdet i Vindafjord kommune mellom Ølensvåg og Utbjoa.

Indremisjonssamskipnaden (IMS) eig og driv leirstaden. Brandøy har 25 rom på hovudhuset, alle med dusj og toalett. Det er 3 og 4 senger på romma.

Prisar med oppreidd seng: (Alle senger vert reidde opp)

⌘ Deltakar kr 1.250,- ⌘ Hjelpar kr 1.250,-
Det vert høve til å gje kollekt til Brandøy/IMS.

Gje melding dersom det er særlege omsyn vi må ta når det gjeld mat eller anna.

Tlf.nr. til Brandøy er: **53 76 98 81**

PÅMELDING TIL: Indremisjonskontoret, postboks 150, 5401
Stord, telefonnummer 53 41 07 04.

Opningstid: Mandag til torsdag kl 09.00 – 15.00.

E-postadresse: post@indremisjonen.no

Nettside: www.indremisjonen.no

BRANDØY-TREFFET



Leir tilrettelagd for vaksne med utviklingshemming





Her kjem programmet for Brandøytreffet 2019!

Du er hjarteleg velkommen til Brandøy – anten du har vore her mange gonger, eller det er fyrste gongen! Brandøytreffet er eit helgeopphald som er tilrettelagt for vaksne med utviklingshemming. Har du behov for praktisk hjelp, må du ha ein hjelpar med deg. Det kan vera ein i familien, ein støttekontakt eller andre. Dei hjelper til med det daglege stellet o.l. Vi som er vertar og leiarar, står for den praktiske gjennomføringa av programmet og innhaldet i helga. På leiren syng vi i lag, høyrer frå Bibelen, har det kjekt saman med leikar og moro, kosar oss med god mat og pratar og spelar saman! Tips gjerne andre òg som du trur kan ha lyst til å vera med! Laurdag ettermiddag har vi hobbyaktivitetar i matsalen, og så er det **leirfest** om kvelden. Har du ein song, ein leik, ein konkurranse eller ein sketsj o.l., så er du velkommen til å vera med i programmet!

Leiarar: Kåre Johan Hamre (leirsjef) m.fl.

Ta med: Klede til å vera både ute og inne.

Innesko/gymsko/tøfler kan òg vera kjekt å ha.

Fredag 22. februar

18.00 Innkvartering
19.00 Kveldsmat
20.30 Bli-kjent-samling!

Laurdag 23. februar

08.30 Tid for å stå opp!
09.00 Frukost
10.00 Songstund
10.30 Bibeltreff
11.30 Frisk luft og mosjon
for dei som vil!
13.00 Lunsj
14.00 Ro i leiren...ZZZZ!
15.30 Kaffi. Kiosken er
åpen!
16.00 Hobbykos
18.30 Middag
19.30 LEIRFEST!
Etterpå: Kaffikos og spel

Søndag 24. februar

08.30 Ny morgon!
09.00 Frukost
10.00 Songstund
10.30 Bibeltreff
12.00 Samling i peisestova
13.00 Middag
Ca kl 14.00 Heimreis!

